

## Trønder-humor.

Den är ett solstråk över arbetsfältet,  
en fågelton i vedermodans larm. —  
Anders Österling.

Alle som har lært Trøndelag og folket her å kjenne på nært hald og i dagleg omgang, vil veta at denne landsdelen eig ein humor som er noko for seg sjølv. Vi talar om trønder-skrøner, men denne nemninga seier ikkje alt — ikkje eingong det meste. Mykje av det anekdotestoffet som går under namnet trønder-skrøner, er ikkje skrøner. Det er blanke sanninga med kors på halsen og tre fingrar i veret. Og om ikkje alt det andre er sant, så *kunne* det vore sant. Derfor er det ikkje rett å kalle desse stubbar og anekdotar for skrøner. Humor er det rettaste namnet — trønder-humor.

Å gi nokon karakteristikk av trønder-humoren skal eg passe meg vel for å prøve. Men kanskje tør eg driste meg til å seie at den ber tydelege merke av trønder-landskapet. Det er noko romsleg og godmodig over denne humoren — noko roleg og solid. Visst kan den glitre lystig som fjorden i sol. Den kan klukke og le som vårbekken under snøen. Den kan stå der sterk og massiv som den mørke skogåsen og er ikkje til å koma forbi. Men den blir aldri låglofta og småleg. Den har alltid frisk luft og høg himmel over seg.

Trønder-humoren er full av livsvisdom og menneskekunnskap, og trønder-skrønene — om vi for ein gongs skuld skal kalle dei slik — kan ofte gi klåre glimt og karakteristiske bilete av tankegang og folkelynde i desse byar og bygder.

Det trønderske flegma er mykje omtala og omskrive og vel kjent over heile landet. Men eg veit ikkje om noko som gir eit betre bilete av dette flegma — denne overlegne ro i alle livsens høve, enn den gamle og velkjente anekdoten om bonden med eggkorga:

Han kom gåande innetter Kongens gate tidleg ein morgon og bar ei korg med egg i handa. Ei ung jente kom syklande midt imot han. Det var berre dei to i gata, og likevel greidde dei ikkje å koma forbi kvarandre. Gjenta sykla beint på bonden, så han datt i gata. Ja, så sat han der midt oppe i egga sine, og vi kan tenke oss at han var alt anna enn blid. Hadde det no vore ein ikkje-trønder, så hadde han vel straks skrike opp til denne by-gjenta og kalla ho eit toskhau og eit jål-portrett, sidan ho fór så tosket åt. Men sjå det gjorde ikkje trønderen. Han sa berre desse orda: «Du e' ut' å kjøre', ja!»

Blir trønderen nøydd til å bruke sterke ord, så gjer han det på ein fin og høvisk måte:

Ola og Nils var grannar. Ola hadde ikkje vore heime den dagen krutet vart oppfunne, men han hadde ei veldig tru på seg sjølv og sin eigen dugleik. Han var ikkje plaga tå blygskap av noko slag, og når grannane arbeidde i hop — som grannar ofte må gjera — så tok Ola førarskapen, og arbeidet gjekk ofte deretter. Nils kvitte seg for å seie noko, for det er ikkje serleg hyggeleg med uvenskap i grannelaget, veit ein. Ein dag dei arbeidde saman gjekk det serleg skeivt, og da sa Nils: «Æ har læng' tenkt at æ skoll' kall' dæ ein tosk, Ola, men — — det får bære vårrå idag og!»

Så seig som trønderen elles har ord for å vera, så kan han vera snar til å finne det rette ordet, når han skal svare for seg. På ståande fot kan han finne den fullgode samanlikning — biletet som er så tydeleg og klårt teikna at folk hugsar det og ber det med seg vidare. Du har kanskje høyrte tale om Petter Granåsen frå Malvik — ein ordets meister både til å fortelje og finne svar.

Ein gong kom han ned til Hommelvik og hadde ærend på jernbanestasjonen. Der var det kome ein ny mann, og han var svært fin på det. Fine klede hadde han med stiv buksepress og blanke knappar og kvit krage kring halsen. Petter ropa inn gjennom døra til han: «Hei du kar, kan du fortæl' mæ ka dato det e' i dag?» Jernbanemannen lika ikkje slik tiltale, og han svara kvast og avvisande: «Hvilken dato det er? Jeg er da vel ingen almanakk!» — «Nei, det sjer no æ og det! Du e' no altfor fint innbondi' og te di da!» svara Petter Granåsen.

Den ro og tryggleik som er så karakteristisk for trønderen møter

vi og hos fjellfolk — slike, som har vidda til heim og snø og bre til grannar. Ein eller annan stad har eg lese denne historia: To mann gjekk over Hardangervidda. Dei gjekk etter kvarandre, og han som gjekk sist kom til å trække på hælane til den første. «Tykkjer du at her er trøngt på vidda?» spurte han som gjekk først. Slik talar fjellmannen. Han kvesser ikkje opp og skjenner. Med ein roleg replikk som lyser av godt humør seier han si meining. Det var ingen trønder som sa denne replikken, men den *kunne* godt vore sagt av ein trønder. Den blir i alle fall forstått av trønderar.

Den kostelege gave som vi kallar trønder-humor er ikkje noko som skriv seg frå nyare tid. Vel er det så at dei fleste trønder-skrøner som er gangbare i dag, er frå den siste eller dei to siste mannsaldrane. Men trønder-humoren er eldre enn så. Den har røter langt tilbake til sagatid og heidendom — til Lade, Mære og Stiklestad. I sitt hyllingsdikt til Trøndelag seier Åsmund Vinje:

Sitt blod som vatnet bort dei øyde,  
med leik sitt hjartesår dei såg.  
Ja, endå i den stund dei døyde  
på tunga vet og løgje låg.

Det var Kolbrunar-skalden Vinje tenkte på når han skreiv desse linene — denne kong Olavs skald som fekk ein pil gjennom hjartet i slaget på Stiklestad. Så stod han inne i eldhuset på garden mellom dei andre såra mennene og venta på hjelp. Sjølv drog han pilen ut av hjartet sitt med ei tong. «Men det var krokjar på henne, og det låg tæger av hjartet på dei, somme raude og somme kvite. Og då han såg dette, sa han: «Godt har kongen fødd oss, enda er eg feit om hjarterøtene!» Da halla han seg attover og var død.»

Det er ei storlagt scene. Den fortel om ei ro i sinnet — om ein åndeleg balanse som sjølv ikkje døden kan rukke!

Humor møter vi og hos Einar Tambarskjelve frå Gimse. Kalv Arneson hadde tatt rommet hans ved kongsbordet og meinte vel at melhusbonden kunne greie seg med ein plass lenger nede. Men det ville ikkje Einar finne seg i, og så sette han seg oppå akslene til Kalv Arneson og sa desse orda: «Det er skikk og bruk at oksen har båsen sin før kalven!»

Frå sagatidene har humoren gått i arv opp gjennom hundreåra til

trønderen av i dag. Trønder-humoren har lange og sterke røter og sterke tradisjonar å bygge på.

Men humoren er ikkje berre til lyst.

Kva hadde ikkje humoren å seie for oss i dei fem tunge okkupasjonsåra? Da var den eit styrkebelte i kampen mot tyrani og valdsmenn, og eg trur at det er ikkje minst den velsigna humoren å takke at vi greidde å halde ut gjennom alle trengsler og vanskar. Det var eit utal av historier som i desse åra gjekk frå munn til munn, frå bygd til bygd heile landet over. Desse historiene var med og tok brodden av alt det fæle som hende, og den gode låtten gav ny styrke — dagleg ny styrke i den lange og seige kampen vi måtte føre før landet vart fritt.

Og framleis er humoren saltet i samværet mellom menneska. Den legg striper og strålar av lys og varme inn over den grå kvardagen. Dei fleste av oss har nok kjent kor tungt det er å gå saman med folk som ikkje eig humoristisk sans, og på den andre sida veit vi kor lett og triveleg det er å vera saman med slike som har sans for humor. Humoren — den harmlause humor — er ein verdifull ting i samværet mellom menneska.

Den är ett solstråk över arbetsfältet,  
en fågelton i vedermödans larm.

*Leif Halse*



Etter en strevsom tur

Kåre Fånes